



## STORTINGET

# Innst. 222 S

(2021–2022)

Innstilling til Stortinget  
fra transport- og kommunikasjonskomiteen

Prop. 59 S (2021–2022)

---

**Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om Auka kostnadsramme for prosjektet rv. 13 Ryfast og utgreiing for status i tvistesak for prosjektet E39 Eiganestunnelen**

---

Til Stortinget

## Sammendrag

Samferdselsdepartementet legg i proposisjonen fram forslag om auka kostnadsramme for prosjektet rv. 13. Ryfast. Som følgje av ein tvist mellom Statens vegvesen og entreprenøren om sluttoppgjeret har det vore gjennomført forliksforhandlingar med sikte på å finne ei løysing utan rettssak. Forliket vil innebære ein ytterlegare kostnadsauke på om lag 180 mill. kroner.

Det blir opplyst i proposisjonen at Samferdselsdepartementet i Prop. 29 S (2021–2022) Endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet opplyste om ein kostnadsauke for prosjektet rv. 13 Ryfast, som følgje av auka arbeidsomfang knytt til fleire forhold. Stortinget har ved behandlinga av Prop. 29 S (2021–2022) gjort vedtak om endra kostnadsramme for prosjektet i samsvar med departementet sitt forslag, jf. Innst. 81 S (2021–2022) Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om Endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet og Endringer i statsbudsjettet 2021 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Samferdselsdepartementet varsla òg i Prop. 29 S (2021–2022) Endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet at det framleis er uvisse om

dei endelege kostnadane, som følgje av ein tvist mellom Statens vegvesen og entreprenøren om sluttoppgjeret. Det har vore gjennomført mekling mellom Statens vegvesen og entreprenøren hausten 2021, med sikte på å finne ei løysing utan rettssak. Gjennom meklinga vart det lagt fram ei skisse til forlik som begge partane er vilige til å akseptere. Ut frå ei samla vurdering av tid, kostnadar, ressursar og risiko knytt til å føre saken for retten, tilrår Samferdselsdepartementet at det blir inngått forlik, og at Stortinget sluttar seg til forslaget til endra kostnadsramme.

Forliket vil innebære ein ytterlegare kostnadsauke på om lag 180 mill. kroner. Samferdselsdepartementet foreslår å auke kostnadsramma i samsvar med dette til 9 172 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Vidare inneholder proposisjonen ei utgreiing for status i tvistesaka for prosjektet E39 Eiganestunnelen. Samferdselsdepartementet opplyste i Prop. 29 S (2021–2022) Endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet om ein kostnadsauke for prosjektet E39 Eiganestunnelen og foreslo å auke kostnadsramma for prosjektet. Kostnadsauken var ei følgje av auka arbeidsomfang knytt til fleire forhold. Stortinget gjorde ved behandling av proposisjonen vedtak om endra kostnadsramme for prosjektet i samsvar med departementet sitt forslag, jf. Innst. 81 S (2021–2022) Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om Endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet og Endringer i statsbudsjettet 2021 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Samferdselsdepartementet varsla i Prop. 29 S (2021–2022) Endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet òg at det framleis er uvisse om dei endelege kostnadane, som følgje av ein tvist mellom Statens vegvesen og entreprenøren. Det har vore

forsøkt å løyse tvisten utanfor rettsapparatet, men utan hell. Usemja var handsama i Sør-Rogaland tingrett i juni 2021. Domen fra tingretten gjekk i Statens vegvesen sin favor. Entreprenøren har anka tingretten si avgjersle. Framdrifta for vidare rettsbehandling er førebels ikkje avklart. Samferdselsdepartementet vil komme tilbake til saka når det ligg føre nærmere avklaringar i rettssystemet.

## Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Jone Blikra, Kirsti Leirtrø og Nils Kristen Sandtrøen, fra Høyre, Trond Helleland, Erlend Larsen og Charlotte Spurkland, fra Senterpartiet, Geir Adelsten Iversen, Geir Inge Lien og lederen Erling Sande, fra Fremskrittspartiet, Morten Stordalen og Frank Edvard Sve, fra Sosialistisk Venstreparti, Mona Fagerås, viser til Prop. 59 S (2021–2022), der det legges frem forslag om økt kostnadsramme for prosjektet rv. 13 Ryfast og redegjøres for status i tvistesak for prosjektet E39 Eigane-stunnelen.

### Rv. 13 Ryfast – endret kostnadsramme

Komiteen merker seg at forslaget om å øke kostnadsrammen har bakgrunn i en tvist mellom Statens vegvesen og entreprenøren om sluttoppgjøret, og at partene på bakgrunn av mekling har kommet frem til en løsning som innebærer en kostnadsøkning på 180 mill. kroner. Den totale kostnadsrammen vil etter økningen være på 9 172 mill. kroner.

Komiteen er positiv til at det blir inngått forlik, på bakgrunn av den tid, kostnader, ressurser og risiko det medfører å føre saken for retten, og slutter seg til forslaget om økt kostnadsramme.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet forutsetter at finansieringen av økningen i kostnadsrammen gjøres uten bruk av bompenger. Det kan være forståelig at kostnadsrammen kan måtte økes som følge av risiko og uforutsette årsaker, eller tvist mellom Statens vegvesen og entreprenøren, som er tilfellet i denne saken. Samtidig mener disse medlemmer det er viktig at bilistene ikke blir skadelidende når kostnadene i prosjektet øker som de gjør i denne saken.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

«Stortinget legger til grunn at det økte finansieringsbehovet som følge av økningen i kostnadsrammen for rv. 13 Ryfast ikke dekkes inn gjennom bompenger.»

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet viser til Fremskrittspartiets forslag i saken og vil påpeke at utbyggingsdirektøren i Statens vegvesen allerede 11. februar 2022 bekreftet i Stavanger Aftenblad at kostnadsøkningen skal dekkes av staten og ikke med bompenger.

### E39 Eigane-tunnelen – status i tvistesak

Komiteen merker seg at det fremdeles er usikkerhet om de endelige kostnadene for prosjektet, som følge av en tvist mellom Statens vegvesen og entreprenøren. Videre merker komiteen seg at tvisten ble behandlet i Sør-Rogaland tingrett i juni 2021, at entreprenøren har anket tingrettens avgjørelse, og at fremdriften for vidare rettsbehandling foreløpig ikke er avklart.

## Forslag fra mindretall

### Forslag fra Fremskrittspartiet:

#### *Forslag 1*

Stortinget legger til grunn at det økte finansieringsbehovet som følge av økningen i kostnadsrammen for rv. 13 Ryfast ikke dekkes inn gjennom bompenger.

## Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

*Fullmakt til å forplikte staten for investeringsprosjekt*

Stortinget samtykker i at Samferdselsdepartementet kan:

Gjennomføre det tidligere godkjente investeringsprosjektet
Rv. 13 Ryfast

Innenfor en endret kostnadsramme på 9 172 mill. kroner
---

Fullmakten gjelder også forpliktelser som blir inngått i senere budsjettår, innenfor kostnadsrammen for prosjektet. Samferdselsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsrammen i senere år.

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 29. mars 2022

**Erling Sande**

leder

**Kirsti Leirtrø**

ordfører

